

Arkivnr: 2016/35202-212

Saksbehandlar: Eirik Knive

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		24.04.2018

Tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde 2018**Samandrag**

I Klima- og miljødepartementet sitt rundskriv T-1/17 om tilskotsordningar for 2018 innan naturforvaltning, friluftsliv, kulturminnevern og forureining er midlar til tiltak i statleg sikra friluftsområde, kap. 1420 post 78 omtala på side 28-29. Alle omsøkte tiltak skal vere forankra i godkjente forvaltningsplanar.

Tilskotsordninga skal medverke til å fremme friluftsjaktiviteten i statleg sikra friluftsområde og område verna som friluftsområde etter markalova. Gjennom naturvennleg tilrettelegging og skjøtsel skal områda gjerast lett tilgjengelege og attraktive for allmenta sitt friluftsliv. Kommunar og interkommunale friluftsråd kan søkje om tilskot.

Retningslinjene seier at tiltak med følgjande hovudmål skal prioriterast:

- Minske dei fysiske hindringane for friluftsliv og leggje tilrette for auka friluftsjaktivitet.
- Ivareta kvalitetar knytt til opplevingar i området, og leggje til rette for gode naturopplevingar.
- Hindre at friluftsliv fører til unødige naturinngrep, slitasje og forstyrning på plane- og dyrelivet og øydelegging av kulturminne og kulturmiljø.

Tilskotsordninga skal prioritere friluftsområde som:

- ligg i og ved byar og tettstader.
- blir eller har potensial for å bli mykje brukt.
- ligg i område med lite tilgjengeleg strandsone og stort press på areala.
- ligg ved innlandsvassdrag.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok 13.04 2016 at dei ønskjer at ein større del av midlane vert øyremerkte universell utforming. Dette er det teke omsyn til i handsaminga av søknadane.

I 2018 kom det inn 47 søknadar i Hordaland. 37 prioriterte søknadar frå Bergen og Omland Friluftsråd, 6 søknadar frå Friluftsrådet Vest og 4 prioriterte søknadar frå Granvin kommune. Total søknadssum i Hordaland var på 9,3 mill. kr, og Hordaland fekk 5.2 mill. kr til vidare fordeling frå Miljødirektoratet. 2 060 000 kr var søkt om til universell utforming av friluftsområda, Desse tiltaka vert høgt prioritert.

Generelt:	
Budsjett 2018: Nasjonal budsjetttramme	44 mill kr.
Søknadsfrist 2018:	1. februar
Vedtak kriteria:	KIRU 24.04.18: PS
Kriteria og informasjon om ordninga:	Tilskotsordningar 2018
Tal på søknadar:	47
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	25

Samla søknadssum:	9 391 900
Tilrådd til fordeling:	5 200 000

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

I Hordaland ligg 76% av alle statlege friluftsområder utanfor by og tettstader. Friluftsområder i og ved byar og tettstader skal prioriterast, men ein del av tiltaka i Hordaland går naturleg nok til område utanfor sentrumsnære område og tettstader. Rammetildelinga frå Miljødirektoratet til fylkeskommunane er gjort på grunnlag av tall statlege sikra friluftsområder, registrerte forvaltningsplanar, samla kostnad knytt til behov for tiltak og samla søknadsvolum 2018.

Bergen og Omland friluftsråd driv tilrettelegging, skjøtsel og drift av friluftsområder i 17 medlemskommunar med eit samla innbyggjartal på 428.355 (per 1.1.2017). Friluftsrådet Vest har ansvar for tilrettelegging, skjøtsel og drift av friluftsområde i seks kommunar i Hordaland med eit samla innbyggjartal på 56.663 (per 1.1.2017). Dei to friluftsråda i Hordaland har høg kompetanse innan forvaltning av statleg sikra friluftsområde. Fylkeskommunen si rolle er å prioritere mellom særskilte gode søknadar og kontrollere at dei omsøkte tiltaka er å tråd med retningslinjene til Klima- og miljøverndepartementet og del av ein godkjend forvaltningsplan. Bergen og Omland friluftsråd, Friluftsrådet Vest samt Granvin kommune har prioritert sine søknadar ut ifrå forvaltningsplanar og det er det teke omsyn til.

Samla søknadssum er mykje større enn midlar til fordeling. Såleis har fylkesrådmannen ikkje prioritert båtutfartsområder då desse berre er tilgjengelege via båt og ekskluderer særskilte mange frå tilgang til områda. Friluftsråda i Hordaland har ytra ønskje om at statleg båtutfartsområder og bør bli prioritert i denne ordninga då dei meiner det vart feil å få midlar til å sikre områda, men ikkje til opparbeiding. Landfaste område med lett tilgjengelegheit for allmenta foreslår fylkesrådmannen å prioritere. Tiltak som omhandlar universell utforming av område vert høgt prioritert. Ein del av tiltaka omhandlar strandrydding. Dette er viktige tiltak når ein ser utfordringane med maritim forsøpling, og påverknaden dette gjer i friluftsområda.

Økonomi: Hordaland fylkeskommune er for 2018 tildelt 5.2 mill til denne ordninga frå Miljødirektoratet til vidare fordeling til innkomne søknadar.

Klima: Tiltaka er i hovudsak knytt til innbyggjarane sine nærmiljø og friluftsområder tilgjengeleg med offentlig transport, og har ein effekt på klima ved å bidra til å gje barn og unge gode opplevingar i naturen.

Folkehelse: Tiltaka er med å gjennomføre det overordna målet for folkehelsearbeidet i Hordaland som er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseforskjellar.

Regional planstrategi: Tilskotsordninga bidreg til å realisere mål 2.2 *eit inkluderande samfunn* ved strategi, 2: *Å styrke inkludering gjennom frivillige organisasjonar i nærmiljøet*. Aktivitetar i nærmiljøet bidreg til å styrke sosiale relasjonar gjennom verdifulle og helsefremjande opplevingar.

Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling løyver 5 200 000 kr over budsjettpost 400.450.14, slik:

	Namn på søkjar	Kommune	Tiltak	Tilrådd støtte med kr
1	Bergen og Omland Friluftsråd		BOF sine friluftsområder	676 000
2	Bergen og Omland Friluftsråd	Bergen	Sandholna	845 000
3	Bergen og Omland Friluftsråd	Bergen	Helleneset	490 000
4	Bergen og Omland Friluftsråd	Radøy	Toska	40 000
5	Bergen og Omland Friluftsråd	Radøy	Uttoska	30 000
6	Bergen og Omland Friluftsråd	Samnanger	Rolvsvåg	40 000
7	Bergen og Omland Friluftsråd	Øygarden	Skogsøy	Avslag
8	Bergen og Omland Friluftsråd	Bergen	Øvre Hellen	150 000
9	Bergen og Omland Friluftsråd	Meland	Elvavika	50 000
10	Bergen og Omland Friluftsråd	Bergen	Vollane	105 000

11	Bergen og Omland Friluftsråd	Bergen	Skjoldbukta	105 000
12	Bergen og Omland Friluftsråd	Os	Ervikane	560 000
13	Bergen og Omland Friluftsråd	Austrheim	Årvika	125 000
14	Bergen og Omland Friluftsråd	Fusa	Skjelavikjo	55 000
15	Bergen og Omland Friluftsråd	Bergen	Grønskjeret	65 000
16	Bergen og Omland Friluftsråd	Lindås	Nautevågen	20 000
17	Bergen og Omland Friluftsråd	Lindås	Kvalvågnes	60 000
18	Bergen og Omland Friluftsråd	Meland	Fløksand	40 000
19	Bergen og Omland Friluftsråd	Kvam	Holmsund	Avslag
20	Bergen og Omland Friluftsråd	Meland	Varnappen	Avslag
21	Bergen og Omland Friluftsråd	Austevoll	Nordre Navøyvågen	Avslag
22	Bergen og Omland Friluftsråd	Fusa	Fusaneset	Avslag
23	Bergen og Omland Friluftsråd	Askøy	Herdla fort	Avslag
24	Bergen og Omland Friluftsråd	Radøy	Skageneset	Avslag
25	Bergen og Omland Friluftsråd	Meland	Håøy	Avslag
26	Bergen og Omland Friluftsråd	Bergen	Garnes	Avslag
27	Bergen og Omland Friluftsråd	Bergen	Gullbotn	Avslag
28	Bergen og Omland Friluftsråd	Askøy	Kollevåg	Avslag
29	Bergen og Omland Friluftsråd	Lindås	Vallevik	Avslag
30	Bergen og Omland Friluftsråd	Lindås	Fisketangen	Avslag
31	Bergen og Omland Friluftsråd	Austevoll	Kalsundholmen	Avslag
32	Bergen og Omland Friluftsråd	Askøy	Store Børøy	Avslag
33	Bergen og Omland Friluftsråd	Askøy	Færøy	Avslag
34	Bergen og Omland Friluftsråd	Sund	Buarøy fort	Avslag
35	Bergen og Omland Friluftsråd	Fjell	Kårtveitpollen	80 000
36	Bergen og Omland Friluftsråd	Osterøy	Kleiveland	Avslag
37	Bergen og Omland Friluftsråd	Fjell	Geitvika	650 000
38	Friluftsrådet Vest	Fitjar	Langøya	Avslag
39	Friluftsrådet Vest	Kvinnherad	Lykelsøya	Avslag
40	Friluftsrådet Vest	Bømlo	Plassaholmen	150 000
41	Friluftsrådet Vest	Kvinnherad	Røyneholm	200 000
42	Friluftsrådet Vest	Bømlo	Vedvika	150 000
43	Friluftsrådet Vest	Stord	Ådlandsvatnet	150 000
44	Granvin herad	Granvin	Grandane-Røynstrand	329 000
45	Granvin herad	Granvin	Bygdatun	Avslag
46	Granvin herad	Granvin	Grandane-Røynstrand	35 000
47	Granvin herad	Granvin	Grandane-Røynstrand	Avslag
3		22	47	5 200 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.
Fylkesrådmannen, 27.03.2018

Viser til vedlegg med oversyn over søknadane med fylkesrådmannens grunngjeving til kvar søknad.